



Astrid og Gunnar Moland  
Marikollen 74  
5136 MJØLKERÅEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/239 - 21/4701

Sakshandsamar:  
Øyvind Tolleshaug  
oyvind.tolleshaug@fedje.kommune.no

Dato:  
03.09.2021

## Igangsettingsløyve flytebrygge

### Administrativt vedtak. Saknr: 024/21

#### Saksutgreiing:

Den 1. juli 2021 gjorde Fedje kommune følgjande vedtak i sak 017/21 :

*Gunnart Moland får rammeløyve til å leggja ut ei flytebrygge på 2,5 x 10 m pluss landfeste i eksisterande kai og bru frå kai. Løyvet gjeld på gnr. 170, bnr. 56 på Moldøy.*

*Kommunen peikar på at dette er eit rammeløyve. Brygga kan ikkje leggjast ut før Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS har gjeve løyve og kommunen deretter har gjeve igangsettingsløyve.*

Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS handsamar til vanleg søknader etter havne- og farvannslova. Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS sende søknaden til Kystverket for handsaming. Kystverket gav løyve til å leggja ut flytebrygga 8. august 2021.

Tiltaket er søknadspliktig etter § 20-1 i plan- og bygningslova ( pbl ). Paragraf § 20-4 i pbl skildrar dei tiltaka som tiltakshavar sjølv kan søkja om løyve til, prosjekta og utføra.

Etter § 20-4 punkt e i pbl, kan kommunen godkjenna at tiltakshavar sjølv søkjer om løyve til, prosjekterer og utfører "andre mindre tiltak". Vi ser i dette høve på tiltaket det er søkt om, som "andre mindre tiltak".

#### Vedtak

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og § 20-4 og § 21-4 i plan- og bygningslova, gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Gunnar Moland får igangsettingsløyve til å leggja ut flytebryggja på 2,5 x 10 meter, og å byggja landfeste og gangbru frå land slik han har søkt om. Løyvet gjeld på gnr. 170, bnr. 56 på Moldøy.

\*\*\*\*\* \*\*

Brygga er lagt ut. Fedje kommune har målt ho inn. Flytebrygga vil etter kvar dukka opp i offentlege kartløyningar.

Øyvind Tolleshaug  
Plan- og utbyggingssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Astrid og Gunnar Moland

Marikollen 74

5136

MJØLKERÅEN